

# MELAND KOMMUNE

## SAKSPAPIR

<b>Styre, komite, utval</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Sbh.</b>	<b>Saknr</b>
Delegasjonsvedtak Komm.avd. for natur, næring, tekn.tenester	27.06.2008	ALM	216/08

<b>Avgjerd av:</b> Kommunalsjef <b>Saksbeh.:</b> Anne Lise Molvik	<b>Ansv.</b> ANB	<b>Arkiv:</b> GBNR- 12/10, GBNR- 12/14, N-546.5 <b>Objekt:</b>	<b>Arkivsaknr</b> 08/1416
--	---------------------	---	------------------------------

### SØKNAD OM UTSLEPP TIL MINIRENSEANLEGG FOR GNR 12 BNR 10 OG GNR 12 BNR 14 PÅ TVEIT.

#### Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
5	I	29.05.2008	Terje Tvedt	SØKNAD OM UTSELPPSLØYVE - GNR 12 BNR 10.
1	I	29.05.2008	Jan Mortensen	SØKNAD OM UTSLEPPSLØYVE.
3	I	29.05.2008	Gefo Rørservice AS	SØKNAD OM LOKAL GODKJENNING.
2	I	30.05.2008	Reidar M Tveit	LØYVE TIL LEGGING OG VEDLIKEHALD AV LEIDNINGER.
4	I	02.06.2008	Gefo Rørservice AS	GODKJENT FØRETAK

#### Saksutgreiing:

Det vert søkt om utsleppsløyve for to hytteeigedomar, gnr. 12 bnr. 10 og 14 på Tveit. Det skal monterast vassklossett i hyttene. I samsvar med søknad skal avlaupet rensast i typegodkjent minirensanlegg kl. I før utslepp til terreng på hovudbruket.

Felles minirensanlegg skal plasserast på eigedomen gnr. 12 bnr. 1. Det ligg føre erklæring med løyve til å ha anlegget og leidningar plassert her.

#### Vurdering:

Eigedomen ligg i eit område med krav om rensing av avlaupsvatn i minirensanlegg kl. I. Det er ikkje mogeleg å føre avlaupet til sjø. Det må hentast inn løyve til å føre avlaupsvatnet frå minirensanlegget ut på naboeigedomen. Eigar av utsleppet er ansvarleg for eventuell forureining, jfr. § 7 i forureiningslova.

Utsleppsløysinga det er søkt om, er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5.

**VEDTAK:**

"Meland kommune gjev i medhald av "Forskrift om begrensing av forurensing" sin § 12-5, utsleppsløyve for to hytter på gnr. 12 bnr. 10 og 14 i samsvar med søknad stempla motteke 02.06.2008 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via typegodkjend biologisk og kjemisk minirensanlegg klasse I med godkjend etterpolering ( sandfilter kum eller liknande) .
2. Slam frå anlegget skal leverast til godkjend mottak.
3. Det skal opprettast skriftleg serviceavtale med leverandør av minirensanlegget før anlegget vert teke i bruk.
4. Det skal liggje føre erklæring med løyve til å føre avlaupsvatnet frå minirensanlegget ut på naboeigedomen.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde."

*Om rett til å klaga, sjå vedlagde orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)*

**Rett utskrift**

Dato: 1/7-08  
Anny Bastisen  
Kommunalsjef

**Kopi til:**

Gefo Rørservice AS  
Jan Mortensen  
Terje Tvedt